



## BARNEOMBODET

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Vår ref:  
19/00010-2

Saksbehandlar:  
Jonas Bjørkli

Dato:  
29. mars 2019

### **Svar på høyring om ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsetting og for ungdom**

Barn sin rett til medverknad er ein av dei viktigaste rettane i FNs barnekonvensjon. Difor er Barneombodet er nøgd med at det no kjem ei lovfestning av ungdomsmedverknad, og at ein får ei forskrift for ungdomsråd eller anna medverknadsordning for ungdom (frå no av omtalt som ungdomsråd).

Sjølv om vi synes det er synd at departementet i liten grad har involvert ungdom i arbeidet med forskrifta, vil vi samstundes rose departementet for å ha laga ein egen nettstad retta mot ungdomsråd som ynskjer å svare på høyringa. Barneombodet håper dette kan vere til inspirasjon for seinare saker i KMD, samt i andre departement, og at ein finn ein måte å vidareutvikle dette settet å gjere høyringar meir tilgjengelege på. Vi registererer at ein også har starta arbeidet med ein rettleiar for ungdomsråd. Vi tar det som ein sjølvfølgje at ungdomsråd, og erfarte koordinatorar, blir teke med i dette arbeidet.

Vi ynskjer å merke at råd for personar med funksjonsnedsettingar kan, og bør, inkludera ungdom under 18 år, men vårt høyringssvar vil berre handle om ungdomsråd.

Barneombodet sine kommentarar til forskrifta kan kort summerast slik:

- Departementet har ein for tynn analyse av barns særlege rettar og konsekvensen av dette for utforminga av forskrifta
- Departementet bør sjå på løysingar for å kunne gje ungdomsråd delegert avgjerdssrett i enkelte saker.
- Departementet bør gjere reglane for val mykje tydelegare og vurdere om ein bør ha eigne reglar for ungdomsråd
- Departementet bør gjere det tydeleg kva som ligg i «høveleg sekretariats hjelpe»
- Departementet bør oppmoda til møte- og talerett for ungdomsråda.
- Departementet bør gjere kommunenes ansvar for tidleg og tilpassa informasjon tydeleg i forskrifta.
- Departementet bør sjå på lovfestning av ungdomsråd i kommunar og fylkeskommunar som ein start på ei nasjonal medverknadsordning.

## **Om barnekonvensjonen**

Etter vårt syn har departementet tatt lite høgde for at barn har særlege rettar etter FNs konvensjon om barns rettar og Grunnloven § 104. Vi synes det er synd at barn og ungdom ikkje har vært med i prosessen med utarbeidning av dette høyringsnotatet, og viser i den forbindelse til artikkel 12 i barnekonvensjonen om barns rett til å bli høyrd. Artikkel 12 er eit generelt prinsipp i barnekonvensjonen, og er både ein individuell og kollektiv rett. Staten skal *garantere* denne retten både for det enkelte barn og for grupper av barn. Vi saknar også ei tilvising til barnekomiteens generell kommentar nummer 12. Der har komiteens lista opp ni grunnleggjande krav til korleis medverknad frå barn skal skje på ein god tilstrekkeleg måte.

At artikkel 12 er eit generelt prinsipp, betyr at barns rett til å bli høyrt skal gjelde på alle områda i eit barns liv, og dette er spesielt viktig når ein skal vurdere kva som er «barnets beste» etter konvensjonens artikkel 3. Det synes for oss vanskeleg å lage ei forskrift som varetar barns beste utan å fått dei relevante innspela frå dei det gjeld. Forslaga i notatet har direkte konsekvensar for barn og unge, og å hente inn deira synspunkt på eit tidleg tidspunkt ville vært ein naturleg del av utredninga.

Vi skulle også gjerne sett at departementet hadde omtalt forvaltningsloven § 17 som pålegg offentlege myndigheter å syte for at mindreårige parter har fått ein moglegheit til å gje uttrykk for sitt syn.

## **Om delegert avgjerdssrett**

Departementet meiner at ny kommunelov § 5-12 snevrar inn moglegheitene til å gje råda delegert avgjerdssrett. Departementet skriv i same avsnitt at ein er kjent med at mange råd i dag kan disponere og fordele midlar. Barneombodet er kjent med at dette også gjeld mange ungdomsråd.

Ei løysing der ein blir avhengig av at kommunestyret skal fatte vedtak i kvar enkelt sak, blir tidkrevjande og lite motiverande for ungdomen det gjeld. Det vil føre til at sakar tek for lang tid, og for ungdommene er det viktig å sjå resultat raskt. Vi meiner at departementet tolkar dette for snevert. Etter vårt syn kan ungdomsrådet få råderett til å disponere midlar etter eit vedtak frå kommunestyre- eller fylkesting, til dømes for tiltak til lokale ungdomsinitiativ. Dette meiner vi også er i tråd med intensjonen frå kommunal- og forvaltningskomiteen, som skriv følgjande i sin merknad til behandling av ny kommunelov:

*«Komiteen viser til at loven ikke er til hinder for at kommunestyret kan bevilge penger til lag, foreninger og andre, som deretter bestemmer hva midlene skal gå til, såkalt deltakende budsjettering. Komiteen mener det er ønskelig og viktig å prøve ut slike muligheter for å øke innbyggernes deltagelse i lokalsamfunn og demokrati.»*  
*(Inst. 369 L (2017–2018), s. 103)*

## **Om samansetnad, val og organisering**

Vi er nøgde med at organisasjonar for ungdom skal få ein rett til å fremme forslag om medlemmer til rådet, og vi er også nøgde med at kommunane får eit krav om å informere om dette. Vi meiner at det også i forskrifter bør gjerast synleg kva ein meiner med «organisasjonar for ungdom» slik at dette blir gjennomført etter hensikta.

Innspel frå ungdomsråd til Barneombodet er at reglene for val generelt er noko uklare.

Til dømes er det uklarheter rundt:

- Kan ungdom sjølv fremme sitt eige kandidatur? Det kan finnast ungdommar som ikkje er ein del av ein organisasjon, men som likevel ynskjer å engasjere seg for ungdom i sitt lokalmiljø.
- Det står i forskrifta at det er kommunestyret og fylkestinget som skal vedta mandatet for, og samansetning av råda. Kan dette føra til at medlemane i kommunestyret kan velja ungdom frå sine eigne ungdomsparti inn i eit ungdomsråd?
- Gjeld kommunelovas føresegner om valbarheit for ungdomsråda?

Det står heller ikkje noko om prosessen rundt val til ungdomsråd. Slik vi les ordlyden i kommunelovens § 7-2, kan vi ikkje sjå at reglane for valbarheit gjeld for ungdomsråd. Departementet må fjerne all tvil rundt kva reglane for val til ungdomsråd er, og dette må kome klart fram av forskrifta.

I forskrifta § 3 femte ledd står det at råda skal ha rett til å uttale seg før kommunestyret og fylkestinget sett ned eit sekretariat, fastsett saksbehandlingsreglar og vedtar budsjett og mandat. I dette spørsmålet bør ungdomsrådas utsegn vege tungt, noko som bør komme frem i forskrifta.

Det blir også sagt at råda skal ha «høveleg sekretariats hjelp». Her vil vi peike på at det kan vere nødvendig med ein heilt anna medverknadsfaglig kompetanse hos dei som skal jobbe med ungdomsråd enn dei som skal jobbe med andre råd. Dette bør departementet ta med i arbeidet med den seinare rettleiaren.

### **Om møte- og talerett**

I høyringsnotatet peiker departementet på at ein ikkje kan forskriftsfeste møte- og talerett i kommunestyremøte for råda, da dette etter departementets syn vil vere i strid med kommunelova. Likevel skriv departementet at det enkelte kommunestyret kan gje medlemmar av råda møte- og talerett i sine møte.

Skal ein først gjere ungdomsråd til ei lovpålagt ordning, så bør ein også sikre at dei har tilgang til å tale direkte med dei som faktisk tar avgjørda i kommune- og bystyre. Fleirtalet av dei som er med i ungdomsråd har ikkje stemmerett, slik som medlemmar i eit eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. FNs komité for barns rettar har anbefalt at barn gis høve til å bli høyrd direkte i sakshandsaming der det der mogleg. Vi meiner derfor at ein bør gje ungdomsråda møte- og talerett gjennom forskrifta, som eit minimum bør ein skrive i forskrifta at «kommunestyret og fylkestinget bør gje ungdomsråde møte- og talerett (...»).

### **Tidleg og tilpassa informasjon**

Barneombodet støttar formuleringa om at kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutinar som sikrar at råda får sakene så tidlig i saksbehandlinga at rådas fråsegn faktisk har moglegheit til å påverka utfallet av sakane. Vi støtter også forskriftaas formulering om at rådas fråsegner skal fylgje saka. I tråd med barnekonvensjonen artikkel 12, bør kommunestyret og fylkestinget ivareta råda sitt behov til å få tilpassa informasjon. Saksdokument- og framlegg som er skrive for kommunestyre eller fylkesting er ikkje alltid like godt eigna til diskusjon hos ungdomsråda. I sakar som er av stor viktigkeit for ungdomsråda bør ein ha eit krav til kommunane om å lage eigne saksframlegg til ungdomsråda som sikrar at rådet kan ta gode avgjerder.

### **Medverknad på nasjonalt plan**

Til slutt vil vi nemne at Barneombodet er kjent med at dei fylkeskommunale medverknadsorgana heilt sia 2010 har jobba med å få til ei ordning for eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Dette arbeidet har dei gjort på eiga hand med varierande framdrift.

Vi håpar at lovfestinga av medverknad på kommunalt og fylkeskommunalt nivå kan vere starten på ei nasjonal medverknadsordning. I regjeringas Jeløya-plattform tas det til orde for å sette ned eit ungdomspanel som skal gje råd til regjeringa i aktuelle saker. Eit nasjonalt medverknadsorgan kan fint vere eit svar på denne bestillinga. Vi oppmodar departementet om å gå i ein dialog med koordinatornettverket for ungdomsmedverknad for å hjelpe ungdomane vidare i dette arbeidet.

Venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Jonas Bjørkli  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Kjelder:

Innst. 369 L (2017–2018) *Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). Prop. 46 L (2017–2018)*